



Helsedirektoratet  
Vitaminveien 4  
0483 Oslo

Saksbehandlar, innvalstelefon

## Vurdering av effektar av nasjonale tiltak mot Covid-19-pandemien

Vi viser til brev av 20. mars, der direktoratet spurde om vår vurdering av kva positive effektar, og negative samfunnsmessige konsekvensar, dei nasjonale tiltaka mot Covid-19-pandemien har hatt, og kva konsekvensar på lengre sikt vi ser for kommunane.

### Lokale vedtak

Kommunale vedtak etter smittevernlova §4-1 har skapt problem. Kommunegrenser vart stengde og lokale karantenerreglar innført. Dette har hatt store konsekvensar for både offentlege og private verksemder. Vi meiner dei nasjonale vedtaka er tilstrekkelege og ser at kommunane no i stor grad opphevar sine eigne vedtak (det var vedtak i 19 kommunar og så langt vi veit vert 17 av desse no oppheva).

På dei fleste område har vi nok framleis ikkje så godt oversyn over effektane, at vi kan gjere ei fullgod vurdering av dei.

### 1. Positive effektar

Befolkninga har tatt dei nye reglane på stort alvor. Det er merkbart reduserte møte mellom folk og det blir tatt omsyn til å halde avstand. Målet om å redusere kontakt mellom folk både ute og inne er langt på veg oppnådd, men ikkje i så stor grad som nødvendig hos ein del unge vaksne og ungdom.

### 2. Negative effektar

#### Generelt

Tiltaka er svært inngripande og har enorme kostnader for enkeltpersonar, verksemder og samfunnet. Med omsyn til å redusere spreiring av smitte og sjukdom har tiltaka vart altfor kort tid til å vurdere nytte. Stenging av barnehagar, skular og arbeidsliv, og strenge lokale restriksjonar for transport og karantene, har store konsekvensar på kort sikt, og vil vere svært alvorlege om dei blir langvarige.

#### Stenging av skular og barnehagar

Tiltaket er inngripande og har negative følgjer som er merkbare frå første dag, både for tilgang på arbeidskraft og for barn og unge sjølv.

Barn og unge med særskilte omsorgsbehov skal ha eit barnehage-, skule- eller opplæringstilbod, men får dette i ulike variantar og med ulik kvalitet. Vårt inntrykk er at ungdom med særskilte



omsorgsbehov får tilbod om opplæring på skulen i mindre grad enn yngre barn, men utan at behova blant dei eldste elevgruppene er mindre.

Tiltaka får konsekvensar for lærlingar, men varierer avhengig av lærefag og lærebedrift. Vi har fått uromeldingar om kva følgjer dette kan få for framstilling for fagprøve/fullføre læretida. Tiltaka fører òg til mangel på lærebedrifter.

### **Psykologiske konsekvensar av tiltaka**

Dette må ikkje undervurderast; mange er blitt svært redde, nokon sjuke og det vil ramme fleire. Det er negativt for den enkelte og for samfunnet at den sosiale kontakten mellom folk er så redusert. Dei negative effektane av dette heng saman med kor lenge tiltaka vil vare, og vi veit ikkje når det får meir alvorlege konsekvensar.

Dette er ei blanding av reell frykt, men ikkje minst angst som har store negative konsekvensar for mange. Det er vanskeleg å finne den gode balansen mellom dei ulike omsyna, og mange har praktisert tiltak som går langt ut over det som er tilrådd.

### **Rammar skeivt**

Både pandemien og dei negative konsekvensane av tiltaka vil ha størst konsekvensar for dei med låg inntekt og som frå før har det vanskeleg. For velferdssamfunnet har det som skjer no store konsekvensar. Forskjellane vil auke.

### **Arbeid med personar med utviklingshemming, demens og rusproblem**

Det er ein vanskeleg situasjon for helse om omsorgstenestene i arbeidet med personar med utviklingshemming, demens og rusproblem, og det er trong for klargjering av regelverk.

Personar med utviklingshemming, demens og rusproblem, og som ikkje forstår eller vil innrette seg etter situasjonen og følgje tiltaka, har skapt svært utfordrande situasjonar for seg sjølve, sine pårørande og for tilsette. Reglane for å handtere dei er uklære, mellom anna om og når tenestene kan bruke reglane i smittvernlova.

### **Politiattest**

Det tek alt for lang tid å få politiattest til personell i helse og omsorgstenesta. Retningslinene har ført til at store tal helsepersonell er i karantene med usikker smittestatus. Det er stort behov for å rekruttere personar til helse- og omsorgstenestene. Dei treng politiattest, og det har tatt for lang tid å få det.

### **Navkontor**

Navkontora er vanskeleg tilgjengelege. Fleire kommunar har stengt kontora og viser til kontaktsentra. Nokre kontor har sett opp telefonnummer, men dei som ringer kjem ikkje gjennom. Vi har fått fleire telefonar frå personar som treng økonomisk sosialhjelp, som ikkje kan bruke digitale verktøy og ikkje finn fram. Dette er personar som er blant dei mest vanskelegstilte.

### **Barn og unge i ein vanskeleg omsorgssituasjon**

Vi er svært uroa for barn og unge som lever i ein vanskeleg omsorgssituasjon. Når dei må vere heime frå barnehage og skule, veit vi at dei må vere saman med personar som skadar dei, ein mykje større del av døgnet enn før. Stenging av barnehagar og skular har svært alvorlege konsekvensar for desse barna.



### **Kritisk infrastruktur**

Aktørar innanfor kritisk infrastruktur melder om utfordringar knytt til karantenereglane. Det gjeld t.d. drift av ferje- og båttrafikken. Sjøtrafikksentralen på Fedje melder om at mange av dei tilsette er i karantene.

### **Kommuneøkonomi**

Kommunane vil – i tillegg til direkte konsekvensar for helse, skule, barnehage mv – få andre utfordringar med uføresette utgifter og reduserte inntekter. Redusert aktivitet i arbeidslivet vil påverke kommuneøkonomien. Det er likevel vanskeleg å vurdere kva for utgifter (og reduserte inntekter) som vil vere knytt til dei nasjonale tiltaka og kva som vil kunne vere knytt til smittespreiing, ekstra helseoppgåver mv. Dei langsiktige konsekvensane for kommuneøkonomien må vurderast på nasjonalt nivå.

### **Familievernkontora**

Følgjene av stengte familievernkontor kan verte store viss det varar i meir enn to veker. Familievernkontora gjennomfører lovpålagt mekling for dei som ønskjer separasjon og har barn under 16 år. Det er eit absolutt vilkår slik lova og forskrifta er utforma i dag. Fylkesmannen kan difor ikkje gi separasjonsløyve utan at det ligg føre meklingsattest. Då kan dei det gjeld heller ikkje få tilgang på økonomiske ytingar og tenester som har som føresetnad at partane er separerte. Det kan bli særskilt krevjande økonomisk for desse familiane, og som i sin tur vil ramme born sine levevilkår.

### **Landbruk**

Mangel på sesongarbeidarar vil skape store utfordringar innan frukt, bær og grønsaksdyrking.

### **Natur- og miljøområdet**

Samfunnskritiske funksjonar knytt til vassforsyning, avløp og avfall ser ut til å fungere tilnærma normalt i kommunane. Det er noko ulik praksis mellom avfallsselskapa med omsyn til stenging av gjenvinningsstasjonar der det kan samle seg mange menneske, særleg ettermiddagar og laurdagar. Kommunale karantenerregler har utfordra arbeidsoperasjonar for å halde miljøkvaliteten opp, og har ført til mange diskusjonar om kva som er samfunnskritiske funksjonar.

## **3. Vårt råd:**

Av omsyn til både barna, spesielt dei vanskelegast stilte, og arbeidslivet, bør det vurderast å gjere gradvis endringar i vedtaket om stenging av barnehagar og skular. Vi tilrår å sjå på om det er mogleg å tilby opplæring til dei første årstrinna i skulen, til dømes første til fjerde. Det vil truleg vere god nok plass i skulebygga til at dette kan skje utan å bryte for mykje med smittevernråda. Det at barn ser ut til å bli mindre sjuke av viruset meiner vi er eit tilleggsmoment for å starte med dei første årstrinna i skulen.

Med helsing

Lars Sponheim

Haavard Stensvand  
Fylkesberedskapssjef